



Arkivnr: 2017/453-9
Saksbehandlar: Bjarte Molvik

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		17.10.2017
Fylkesutvalet		26.10.2017

Rehabilitering - ombygging - mindre tilbygg i skulesektoren - Budsjettfordeling nr. 6 -2017**Samandrag**

I budsjettet for 2017 er det løyvd 75 millionar kroner til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren. Av desse er 66,9 million kroner disponert eller foreslått disponert i tidlegare politiske saker.

I denne saka rår ein til at den ufordelte delen av løyvinga, totalt 8,1 million kroner blir fordelt til totalt 4 prosjekter ved Kvinnherad vgs., Fitjar vgs., Slåtthaug vgs og Odda vgs.

Økonomi: Dei foreslåtte tiltaka vil bli finansiert innafor vedtekne budsjetttrammer

Klima: Ingen effekt

Folkehelse: Tiltaka vil mellom anna gje betre tilkomst, betre inn klima, og tryggare og betre læringstilhøve for elevane.

Regional planstrategi: Ingen verknader

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner fordeling av midlar til rehabilitering/ombygging/mindre tilbygg i skulesektoren i 2017 som skissert i saksutgreiinga, og at det vert gjort følgjande budsjettendringar:

K.stad	Art	Prosj.	Tekst	Meirutg./ mindreinnt.	Mindreutg./ meirinnt.
10 630.020.00	02320	00210	Kvinnherad vgs. – Oppgradering universell utforming	5 000 000	
10 652.020.00	02320	02162	Fitjar vgs. – Brannsikring	1 000 000	
10 628.020.00	02320	02163	Odda vgs. – Ventilasjonsanlegg	1 100 000	
10 633.020.00	02320	02164	Slåtthaug vgs - brannvarslingsanlegg	1 000 000	
10 777.021.00	02320	03000	Rehab. / omb./ tilbygg		8 100 000
				8 100 000	8 100 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Jostein Fjærestad
direktør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 29.09.2017

I budsjettet for 2017 er det løyvd 75 millionar kroner til rehabilitering / ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren. Av desse er 66,9 million kroner disponert eller foreslått disponert i tidlegare politiske saker. I denne saka rår ein til at resterande ufordelt løyving, på 8,1 million kroner, vert fordelt til prosjekt. Samla vil prosjekta gje betra tilkomst for prioriterte grupper, betre inneklima og tryggare skulebygg.

I denne saka rår ein til at det vert løyvd midlar til følgjande prosjekt:

Kvinnherad vgs – Oppgradering Universell utforming

Kvinnherad er ein av 3 skular som ikkje er oppgradert i samband med tilrettelegging for universell utforming i samsvar med vedteke handlingsplan. Av handlingsplanen framgår at det det er manglar knytt til heis og toalett, og at det stort behov for anna bygningsmessig oppgradering.

Basert på kostnadsoverslag er samla kostnad rekna til 5 million kroner og ein rår til at prosjektet vert prioritert innanfor årets løyving til ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren.

Fitjar vgs. – Brannsikring

Det er gjennomført brannsyn ved skulen og rapporten i etterkant viser til fleire feil og manglar, og vi har fått krav om utbetring.

Vi må oppgradera dører i rømningsvegar, sløkkjeutstyr og forbetra naudlys. Vidare må utettheter i brannskiller tettes.

Samla kostnadskalkyle er på 1 million kroner og ein rår til at prosjektet vert prioritert innanfor årets løyving til ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren.

Odda vgs – Radonanlegg gymnasbygget

Odda vgs. ligg i eit område med høge radonverdiar. Dette fører til at store deler av kjeller og 1. etg. I gymnasbygget har radonverdiar over tiltaksgrense. Det er difor nødvendig å gjera tiltak for å koma under anbefalte verdiar får Statens strålevern. Av tiltak som er tenkt gjennomført er ventilering av grunnen under deler av bygget og i kulvert, samt tette utettheter mot grunnen.

Prosjektet har ein kalkulert kostnad på 1,1 million kroner og ein rår til prosjektet vert prioritert innanfor årets løyving til ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren.

Slåtthaug vgs. - Brannvarslingsanlegg

Dagens varsling knytt til brann er ikkje i samsvar med dagens krav. Det er vidare konkludert med at eksisterande anlegg i A-bygget ved skulen må byttast ut.

Ein rår difor til at det vært investert i eit nytt nytt brannalarmanlegg for heile bygg A. Anlegg er planlagt som eit adresserbart anlegg iht. NS 3960. Ved brann skal det varslast både med klokker og optisk i verkstadar. Eit nytt anlegg vil være i samsvar med TEK 17.

Prosjektet har ein kalkulert kostnad på 1 million kroner og ein rår til prosjektet vert prioritert innanfor årets løyving til ombygging / mindre tilbygg i skulesektoren